

Statsministerens kontor  
Postboks 8001 Dep  
0030 OSLO

(Referanse må oppgis)  
Vår referanse: 2003/02377-4  
Arkivkode: 020  
Saksbehandler: May-Britt Nordli  
Deres referanse: 2003/01022  
Dato: 14.06.2004

## Høring - Makt- og demokratiutredningen

KS ser demokrati- og maktspørsmål som heilt sentrale i utviklinga av eit godt samfunn. Det er derfor med glede vi har motteke og gir høyringsfråsegn. Vi seier oss leie for at fråsegne kjem litt etter fristen som er sett.

Brevet siterer frå sluttutgreiinga der eit hovudmoment er at demokratiet forvitrar. Om lokaldemokratiet nyttar utgreiinga endå sterkare ord – lokaldemokratiet er i krise.

Brevet stiller så tre spørsmål til høyringsinstansane. Det første er om konklusjonen til Maktutgreiinga ”oppfattes som faktisk riktig og fyllestgjørende.” Etter KS si meining er konklusjonen i all hovudsak dekkande. Det vil alltid vere fagleg debatt om slike konklusjonar, men det ville vere svært uheldig og ei avsporing dersom høyringsinstituttet skal nyttast til å trekkje utgreiinga sine konklusjonar i tvil.

Det andre spørsmålet er om ”situasjonen knyttet til makt- og demokratiforhold er positiv eller negativ ut fra et overordnet mål om et bedre samfunn.” Etter KS si meining har demokrati eigenverdi og det er ein vesentleg del av eit godt samfunn. Vi kan derfor ikkje gå inn på ein diskusjon om samfunnet blir betre med svekka demokrati. Maktutgreiinga peikar klart på at det er viktige utfordringar for det norske demokratiet. Fokus må nå vere på korleis folkestyret kan møte desse utfordringane og utviklast vidare.

Svaret på det tredje spørsmålet er følgeleg at demokratiforhold bør endrast. Lokaldemokratiet er ein vesentleg del av det norske demokratiet. Problema for lokaldemokratiet kjem – ifølgje Maktutgreiinga – i stor grad av måten staten styrer kommunesektoren på og rammer staten legg for lokalt folkestyre. KS har hatt dette som utgangspunkt og peikar på aktuelle tiltak som kan betre situasjonen.

Sentralstyret i KS vedtok samrøystes følgjande i møte 3.6.2004 (sak 46/04):

## Vedtak

”Sentralstyret viser til KS sitt Landstings uttale ”Kommuner for folks behov – tid for systemendring”, som vedleggjast saka.

KS meiner vidare:

- Lokalt, regionalt og nasjonalt demokrati må sjåast i samanheng. Eit fungerande lokaldemokrati er ein føresetnad for tillit og legitimitet til det nasjonale folkestyret.
- Det må være eit prinsipp om fullfinansiering av statlege reformer og uavhengig utrekning av kostnadene ved reformer.
- Detaljerte lovfesta rettar på individnivå må ikkje vedtakast på område kommunar eller fylkeskommunar har ansvar for.
- Tydelegare styringsdialog mellom staten og kommunesektoren lokalt og regionalt gjennom:
  - ein samordningsprosess der kommunesektoren i størst mogleg grad rettar seg mot ein einskapleg stat
  - å etablere informasjon, dialog, rammestyling som overordna prinsipp framfor lover, øymerka økonomi og tilsyn/kontroll.
- Ei ordning der Stortinget kan gjere bindande vedtak som gjeld for fleire år om gongen, må utgreiast. Dette vil m.a. vere viktig ved gjennomføring av reformer som gjeld kommunesektoren og viktig for å sikre at vedtak om fullfinansiering faktisk blir følgt opp.”

”Kommuner for folks behov – tid for systemendring” og saksframlegg ligg ved.

Halvdan Skard

Olav Ulleren